



Karl Magnus Wilsgaard
Beitingsvegen 190
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/906 - 14/2485

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:

21.02.2014

Godkjenning - bygging av basseng, gnr. 4, bnr. 8 Beitingen.

Administrativt vedtak. Saknr: 18/2014

Eigedom: 4/8

Byggjeplass: Beitingsvegen 190

Tiltakshavar: Karl Magnus Wilsgaard

Planstatus: Kommuneplan, LNF-område

Søknad om: Basseng

Saksutgreiing:

Det vert til søknad stempla motteke 20.01.2014 om løyve til oppføring av basseng på gnr. 4, bnr. 8 i Meland.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjons-handsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 17.01.2014 Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteke 20.01.2014. Det ligg føre erklæring frå gnr. 4, bnr. 10 som gjev eigedommen rett til å føre opp bassenget inntil 2,3 meter frå grensa. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Utsjånad:

Tiltaket har ei forsvarleg utforming og utsjånad og er i samsvar med plan- og bygningslova § 29-1, jf vedlagte teikningar stempla motteke 20.01.2014.

Tryggingstiltak:

Pbl. § 28-6 stiller følgjande krav til tryggleik ved oppføring av basseng mm.:

”Basseng (...) skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem.”

Vidare inneheld same lovføresegn heimel for å presisere tryggingsskrava nærmare gjennom forskrift, men denne heimelen er så langt ikkje nytta. Kommuneadministrasjonen viser likevel til oppheva TEK av 1997, og kor følgjande vert referert frå § 7-48 (med administrasjonen si understreking):

”Tilfredsstillende sikkerhet oppnås ved solid og sikker tildekning, innhegning eller innbygging i avlåst rom.”

Vedtak:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova § 20-2 løyve til etablering av basseng på gnr. 4, bnr. 8 i samsvar med søknad stempla motteke 20.01.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 20.01.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje vert gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf plan- og bygningslova § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Mottakere:

Karl Magnus Wilsgaard

Beitingsvegen 190 5918

FREKHAUG